



Marianne Stople

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/968 - 19/9694

Saksbehandlar:

Johnny Danielsen

johnny.danielsen@lindas.kommune.no

Dato:

21.03.2019

Referat frå lokal arbeidsmiljøgruppe – Ostereidet BS

Tid: Onsdag 20.03.2019

Deltakarar: Marianne Stople (HMT rådgjevar i kommunen), Johnny Danielsen (rektor), Karoline Sundsbø (ATG), Randi Sennehet (VO), Silje Marie Bauge (TV-Fagforb.)

Første møtet i denne gruppa skuleåret 2018/2019.

Marianne Stople informerte om formålet med dei lokale arbeidsmiljø gruppene og snakka litt om kva typer saker som er typiske å ta opp her.

I oktober 2016 kom rådmannen med framlegg om å erstatte omgrepet «Trepartsamarbeid» med omgrepet «Lokale arbeidsmiljøgrupper». Framlegget vart vedteke med følgjande tekst lagt inn i HMT-handboka;

«I kvar avdeling skal det vere eit samarbeidsforum med næraste linjeleiar, VO og tillitsvalde. Dette samarbeidet vert omtala som «Lokale arbeidsmiljøgrupper». Desse møtast jamleg og har fokus på HMT. Det vert anbefalt minst 4 møter i året, og stikkord for møta er: Verksemdsplan, vernerunde, nærværarbeid, medarbeidarundersøking og fysisk- og psykososialt arbeidsmiljø. Møta skal dokumenterast.

Områder arbeidsmiljøgruppa bør ha fokus på og målsetjingar for:

- Oppfølging av sjukemeldte / sjukefråværstatistikk.
- Rutineutvikling / skildre arbeidspriossessar.
- Arbeidsfordeling / arbeidsbelastning.
- Ulukkesrisiko /risiko for yrkesskadar.
- Truslar / vald-problematikk.
- Medarbeidarsamtalar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Inneklima.
- Byggplanlegging som sikrar omsynet til arbeidsprosessane som skal utførast i bygget.
- System for kommunikasjon og informasjonsflyt.
- Samhandling på arbeidsplassen.
- Korleis ta vare på kvarandre, sosial støtte, jobbstøtte, beslutningsystem.
- Bruk av ulike hjelpemidlar i arbeidet, risikofylt arbeid.
- Nivå på HMT-arbeidet.
- Brannvern.
- Det ytre miljøet – forureining/kjeldesortering.
- Budsjett: Informasjon om rammene – innkjøp.
- Rutiner som avgrensar mengd og spekter av helseskadelege produkt.
- Rutiner som evaluerer innkjøp mot HMT-perspektivet.

I tillegg til dette snakka gruppa om å ha nokre faste punkt på agendaen i desse møta.

- Oppfølging av sjukemeldte / sjukefråværstatistikk.
- Sjå på kva områder vi ønskjer å ha fokus på i vernerundane. Ikkje berre fysiske arbeidsmiljøforhold, men kanskje også invitere BHT til å sjå på andre sidar av arbeidsmiljøet vårt.
- Planlegge fokus, gjennomføring og etterarbeid med arbeidsmiljøundersøkingar for å få ein så brei deltaking som mogleg.
- Budsjettinformasjon.
- Sosiale arrangement.
- Diskutere forhold rundt spesielle elevar/situasjonar som har påverka for arbeidsforholda til ein skilde tilsette.
- Gå gjennom avik som er meldt.
- Kurs.
- Oppdatere skulen sitt årshjul med HMT relaterte hendingar.
 - Vernerunde / Brannrunde.
 - Møter for lokal arbeidsmiljøgruppe.
 - Møter for medverknad for tillitsvalde og VO.
 - Arbeidsmiljøundersøkingar (heile prosessen).
 - Sosiale arrangement.

Neste møte.

Rektor kallar inn til nytt møte i slutten av april 2019 når Silje har vore på kurs om ny IA-avtale, slik at ho kan informere litt om den der.

I tillegg bør vi sjå litt på Arbeidstilsynet sin «sjekklister» for tilsyn, slik at vi kan bruke denne førebyggjande.

I forkant vil rektor sende ut ei foreløpig agenda for møtet, slik at den ein skilde deltakar kan melde om aktuelle HMT-saker som rører seg i personalet.

Med helsing

Johnny Danielsen
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Marianne Stople